

Ungdoms HaFo-turnering 9. Februar 2024



Informasjon til alle ungdomskular og foreldre

Etter suksessen med Ungdoms-HAFO gjentar med dette i år og. For femte gong. Me håpar at enda fleire ønsker å delta. Dette bygger på same konsept som det som blir arrangert for barneskulane, men me spelar på heil bane. Kampene begynnar kl 17 og vil vare utover kvelden. Når det sluttar er litt avhengig av kor mange lag me klarar å få med oss. Me håpar dere som skule kan formidle og motivere flest mulig elevlar til å delta for dette vil bli et flott fritidstilbod for elevane.

Kva er Ungdoms HaFo?

HaFo er ein omgang med handball og ein med fotball. Omgangane varer 8 minutt. I finalane varer omgangane 8 minutt. **Det deltek 6 spelarar inkl. målvakt på handballdelen og 5 inkludert målvakt på fotballdelen. Det kan nyttast inntil 4 innbytarar.**

Det blir i år mix lag og det må alltid vera minimum 1 jente og ein gut på banen.

Det blir påmeldt lag klassevis frå kvart årstrinn 8,9 og 10 klasse og kvart årstrinn spelar eigne finalar. Kvar klasse kan melda på fleire lag slik at alle får mest mogleg speletid.

Skulle det verta for få lag i nokre av klassane trinn vil me prøve å gjere ein mix.

Konsept

HaFo-konseptet byggjer på at alle kan delta uavhengig av ferdigheiter. Det skal vera gøy og moro og ein positiv aktivitet med vektlegging på ballallsidigheit.

Hafo skal vera med å bidra til å samarbeid og samhald mellom elevlar – og at ein blir kjent med elevlar frå andre skular på Osterøy. Osterøy IL Handball legg stor vekt på fair play og gratis for både deltakarar og publikum.

Me ser fram til årets turnering og me håpar at skulane klarar å stilla med flest mogleg lag.



Påmelding / organisering

1. **Elevane** melder seg på ved å levera påmeldingsslippen de finn nedst på arket til kontaktlærar. **Frist – snarast og innan fredag 26. januar.**
2. Foreldrekontakt/lagleiar har sjølv ansvar for lagleiinga under kampane.
3. **Lagleiarar** skriv inn informasjon på påmeldingsskjema (som skulen har fått) og sender påmelding av sine lag til post@hafocup.no **innan torsdag 1. Februar**
 Dette kan også kontaktlærar gjera dersom skulen / kontaktlærar synest det er greiast.
4. **Lagleiarar** har ansvaret for at laget møter til rett tid til kvar kamp.
5. Når kampprogrammet er klart, sender **Hafo-arrangøren** dette ut til alle kontaktpersonar og til skulane. **Lagleiarar** må informera sitt lag. Kampoppsettet vert og lagt ut på **nettsida til osteroyil.no – klikk på fane handball.**
6. Foreldre er velkomne i hallen for å heia på sine kjekke ungdommar. 😊
7. Det blir sal av pizza og brus i hallen denne kvelden..
8. Det vert premiering for beste heilagjeng, og best utkledd lag! Ver kreativ 😊

Dersom det skulle vera spørsmål, ta kontakt med:

Thor-Eivind Mjelde, mobil 909 75 895, e-post post@hafocup.no

Beste helsing frå arrangørkomiteen

Styret i Osterøy handball og styret for HaFo 204

klipp ut – og lever til foreldrekontakt/lagleiar **Frist: fredag 26. januar**

Namn:

Klasse:

skal vera med på HAFO-turneringa